



Foto: Sørstand folkepark

ÅRSRAPPORT FOR TRYGGE LOKALSAMFUNNSARBEIDET 2012

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune

2. Heidi Ekehaug, heidi.karin.ekehaug@s fj.no, rådgjevar folkehelse, 100 % stilling

3. Organisering

Trygge lokalsamfunn (TL) er ein integrert del av fylkeskommunen sitt langsiktige og lovpålagde folkehelsearbeid, og er ein viktig del av partnerskapsarbeidet både på fylkes- og kommunenivå. Arbeidet er forankra politisk i gjeldande fylkesplan. Fylkesplanprogrammet "Folkehelse og livsutfalding" har hatt eit programstyre med politisk leiing. Dette programmet varte ut 2012 og arbeidet med ny regional plan for folkehelse startar våren 2013.

Folkehelse og førebygging av skader og ulukker er integrert i arbeidet med regional plan for transport, regional plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv og strategidokument, der også universell utforming er grunnleggande prinsipp.

Førebygging av skader og ulykker er og eit ansvar for dei ulike fagavdelingane i fylkeskommunen. Alle dei 13 vidaregåande skulane har etablert faste folkehelsegrupper med representasjon frå skuleleiinga, elevane, kantina, miljøkoordinator, tannhelsetenesta og skulehelsetenesta.

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) er eit underutval under Hovudutval for samferdsle som skal tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggleik. Statens vegvesen har sekretariatet for FTU, som er svært aktive i trafikktryggingsarbeidet, og som saman med sine samarbeidspartar gjennomfører ein 4-årig handlingsplan.

4. Omtal kort dei langsiktige, bærekraftige programma som er lagt opp for å sikre eit trygt lokalsamfunn og som omhandlar alle aldersgrupper og arenaer

Fylkeskommunen har teikna partnerskapsavtalar om folkehelse med 24 kommunar. I desse avtalane er førebygging av skader og ulykker eit av åtte tema som er lista opp som viktige innsatsområde saman med rusførebygging og universell utforming. Det er også teikna avtale med tre frivillige organisasjonar. Ein av desse

er Redningselskapet, som gjennomfører sommarkurs for barn og unge om sjørett, og også gir opplæring til ungdom om båtførarprøven.

Fylkeskommunen vart re-godkjent som eit trygt lokalsamfunn i fylkestinget i juni 2011. Fylkestinget vedtok same år å starte ei langsiktig satsing for å førebygge skader og ulukker i kommunane. 8 kommunar har i 2012 delteke i satsinga og nettverket med kompetanseprogram som inneheld fire samlingar med relevante tema. I referansegruppa for satsinga sit Helse Førde, Fylkesmannen, Høgskulen, Trygg trafikk, Kriminalomsorga og Trafikktryggingsutvalet (FTU), KS, NAV, FFO og Røde kors.

Hausten 2012 har fire nye kommunar meldt interesse for å delta. Satsinga på førebygging av skader og ulykker i kommunane etter TL-modellen vil såleis omfatte 12 kommunar i 2013. Tre av desse har meldt at dei vil jobbe mot godkjenning som Trygg kommune.

5. Omtal kort program som er retta inn mot spesifikke høgrisikogrupper og sårbare grupper.

- Gjennomføring av kompetanseprogram for kommunar og referansegruppe for å fremme TL-modellen.
 - Oppstartsamling: presentasjon av TL-modellen, lovverk og føringar
 - Første kompetansesamling: Kven skadar seg kvar og når – og korleis kan vi bruke denne kunnskapen?
 - Andre kompetansesamling: Livsløpsperspektivet - om skadeførebygging og reduksjon av risiko hos barn og unge – og fallførebygging hos eldre spesielt.
 - Tredje kompetansesamling: Skade- og ulykkesførebyggande arbeid som ein integrert del av eit heilskapleg folkehelsearbeid.
- Etablering av eit fylkesforum for universell utforming for bevisstgjerjing og kompetansebygging om universell utforming – vektlegging av uu i eit skade – og ulukkesbyggande perspektiv.
- UU-kurs for lærebedrifter. Samarbeid med Opplæringskontoret for bygg og anlegg om årlege kurs for lærlingar og lærebedrifter om universell utforming i eit skade- og ulukkesførebyggande perspektiv. Alle deltakarar får grunnleggande kunnskap om uu i praksis og erfare korleis det er å sitte i rullestol, bruke synsnedsettande briller, m.m.
- Aksjon skuleveg; FTU- midlar som skal stimulere kommunar, skular og ulike lag og organisasjonar til å utføre ulike trafikktryggingstiltak
- «Trygt heim for ein 50-lapp» er ei transportordning for ungdom mellom 16 og 24 år som Målet er at alle unge alle skal ha eit tilbod om trygg og rimeleg transport heim natt til søndag.
- «Lokale transporttilbod» for ungdom mellom 13-19 år. Dette er ei ordning der fylkeskommunen gjev tilskot til fleksible skyssløyser for at ungdommen skal komme seg trygt til og frå fritidsaktivitetar på ettermiddags- eller kveldstid. Ordninga vert styrt av ungdommen sjølve, vert utført med drosje, minibuss, eller buss og går dit ungdomane vil - når dei vil.
- «Sørvissskyssen» er ei transportordning som er tilrettelagt for eldre, funksjonshemma og andre, der dei som har behov for transport vert henta heime og køyrd til sentrum. I 14 kommunar er det organisert eit praktisk og sosialt opplegg for dei som nyttar seg av ruta.
- Trygg russefeiring i vidaregåande skule.
- «Livreddande kolleksjon» - FTU har samarbeidd med designmiljø i fylket utvikla klede til ungdom, der refleks er vevd inn i stoffet. Ein prøvekolleksjonen vart produsert hausten 2012 og presentert i Oslo i februar 2013.
- Trafikkopplæring i ungdomsskulen og vidaregåande; Trafikk som tema i samsvar med "Kunnskapsløftet." Skulane skal kjenne føringane i Kunnskapsløftet og kunne gjere seg bruk av "trafikk og skule".
- Temadag i vidaregåande skule om trafikk med m.a. utdeling av refleksvestar.
- NY GIV – program i vidaregåande opplæring for å hindre fråfall i skulen. Prosjektet har to tilsette + ei traineestilling. Her jobbar ein også ut mot ungdomstrinnet i nokre skular.
- Tilskot til kurs i ungdomsskule og vidaregåande skule i førebyggande hørselsarbeid.
- Som eitt av tre fylke deltek tannhelsetenesta i eit nasjonalt prøveprosjekt i samarbeid med barnevernet.
- Førebygging av psykiske vanskar og rusproblem i vidaregåande skule. Diverse kurs og program i samarbeid med Bergensklinikkene og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Aktive skulebarn. Trygging av skulevegen og på stader der skulebussen/foreldra stoppar. Arbeidet skjer i samarbeid med Trygg Trafikk, og med finansiering frå fylkeskommunen.
- Utdeling av refleks og informasjon om trafikktryggleik til alle førsteklasingar og deira føresette.

6. Omtal ordningar/program som dokumenterer skadesituasjon, hyppighet og årsaker til skader.

Etter folkehelselova har fylkeskommunen ansvar for å ha oversikt over helsesituasjonen i fylket og korleis denne fordeler seg i befolkninga etter sosiale kriteria. Som ledd i dette vil Folkehelseinstituttet, på oppdrag frå Helsedirektoratet, få på plass ein statistikkbase og levere profilar til alle kommunar og fylke i 2012. Her vil vi etter kvart finne data om skader og ulykker, men dette har få og usikre data tilgjengeleg så langt.

Hausten 2012 gjennomførte fylkeskommunen og Høgskulen i Sogn og Fjordane ei spørjeundersøking blant alle elevar i vidaregåande skule. Data vil føreligge på vårparten 2013, og vil gje oss viktig innsikt i tema som gjeld folkehelse generelt, der åtfærd knytt til skader og ulykker inngår. Data frå spørjeundersøkinga blant alle 6. og 8. klassar er gjort tilgjengeleg i 2012.

Helse Førde har laga statistikkar for åra 2009, 2010, 2011 og 2012 over hoftelddsbrøt i alle kommunane. Desse er tilgjengeleg for kommunane i Samhandlingsbarometeret: <https://samhandlingsbarometeret.no/webview/> .

I samband med rulleringa av Handlingsplan for trafikksryggleik har FTU brukt data over hardt skadde og drepne i trafikken som er henta frå eksisterande datakjelder.

Fylkestannlegen har gode data over tannhelsa i fylket.

Fylkesmannen har i 2012 invitert alle kommunane i fylket til å delta i ei kartlegging/ kommuneanalyse knytt til programmet Sjumilssteget som er ei konkretisering av sju utvalde artiklar/steg i Barnekonvensjonen: 1) Særskild vern og støtte, 2) Vern mot overgrep, 3) God utdanning, 4) God helse, 5) Medbestemmelse, 6) God omsorg 7) Fullverdig liv
Resultat får denne kartlegginga kjem i mars 2013.

7. Omtal kort kva evalueringstiltak som er brukt for å vurdere eigne program, prosessar og effekt av endringar

Med unnatak av data/ tal på elevar som fell i frå i vidaregåande opplæring, trafikkuulykker og tannhelsa er det dårleg datagrunnlag på dei fleste indikatorar. Dette gjer at effekten av arbeidet har vore vanskeleg å måle.

Transportøkonomisk institutt (TØI) gjennomførte i 2005 ei undersøking som viser at alt tydar på at Trygt heim for ein 50 - lapp har vore ein suksess som trafikksryggingstiltak. Rapporten frå TØI viser at reisene med privatbil på laurdagskveldane/natt til søndag har blitt redusert. Det har vore ein nedgang på mellom 22-30 prosent i tal skadde og drepne i trafikken i aldersgruppa 16 - 30 år i Sogn og Fjordane sidan Trygt heim for ein 50 - lapp starta i 2002. Kor mykje av nedgangen som skyldast naturlege variasjonar, og kor mykje som skyldast Trygt heim for ein 50 - lapp er usikkert. Men alt tydar på at Trygt heim for ein 50 - lapp har hatt ein svært positiv innverknad på trafikksryggleiken i Sogn og Fjordane.

Utviklingscenteret for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane har gjort kartlegging av førebyggjande heimebesøk av eldre i alle kommunane i fylket. Siktemålet med kartlegginga er at førebyggjande heimebesøk skal bidra til betre tryggleik og helse for eldre og at besøka skal byggje på erfaringar og forskningsbasert praksis.

8. Omtal kort deltaking og medverknad i nasjonalt og internasjonalt nettverk av Trygge lokalsamfunn / Safe Communities.

Fylkeskommunen deltek i Nasjonalt råd for Trygge lokalsamfunn og i fylkesnettverket for Trygge lokalsamfunn. I 2012 deltok vi på den Europeisk Safe Community konferansen i Falköping 3.-5. juni og ein del møter, kurs og samlingar i det nasjonale nettverket.

9. Omtal kort evt. vesentlege endringar i høve til opphavleg søknad og tidlegare rapportar.

Ingen vesentlege endringar

10. Omtal kort inntil tre spesielt vellukka tiltak som kan gje inspirasjon til arbeidet i andre kommunar og brukast i en Trygge lokalsamfunn-idébank

11. Omtal kort direkte resultat av Trygge lokalsamfunnarbeidet.

«Trygge eldre», som 8 kommunar deltok i frå 2008-2010, er vorte vidareført i satsinga på Trygge lokalsamfunn, jfr Pkt. 5.

I 2012 vart det gjennomført ei kartlegging av alle kommunane i fylket i høve førebyggjande heimebesøk i regi av Utviklingscenter for heimetenester og sjukeheimar og Høgskulen i Bergen. Siktemålet med prosjektet er at førebyggjande heimebesøk skal bidra til betre tryggleik og helse for eldre, at flest moglege kommunar skal etablere ordningar med førebyggjande heimebesøk, og at besøka skal byggje på erfaringar og forskingsbasert praksis.

Dei vidaregåande skulane gjennomfører trygg russetid og anna trafikktryggingsarbeid som del av sitt førebyggjande arbeid. Skulane rapporterer til opplæringsavdelinga på arbeidet sitt. Alle skulane har miljøkoordinatorar, og avdelinga har samlingar for desse kvart år der dette arbeidet vert diskutert og erfaringar vert formidla.

12. Omtal i stikkord aktivitetar som er gjennomført i samarbeid med frivillige organisasjonar, lag og foreiningar og gje ei oversikt over dei frivillige organisasjonane som har delteke i arbeidet.

Trygg Trafikk er ein viktig samarbeidspart på skade- og ulykkesområdet. Redningssselskapet Sogn og Fjordane gjennomfører kvart år mange tiltak for å førebygge ulykker på sjøen. Dei rettar seg mot barn og unge, og samarbeider med asylmottak og barnevernet for nå utsette grupper. Redningssselskapet er ein ny samarbeidspart for oss.

Sogn og Fjordane Røde Kors, Nasjonalforeningen for folkehelsen og Fotballkrisen er andre organisasjonar som vi samarbeider med. Fotballkrisen har gjennom fleire år jobba for at dei lokale klubbane skal ha fokus på trafikktryggleik i sitt arbeid. Mange klubbar har kjøpt inn eigne minibussar for å transportere miniputt-spelarane til og frå kampar på ein trygg måte.

13. Er det sett av egne midler til Trygge Lokalsamfunn-arbeidet i budsjettet? Hvor mye?

Det er sett av midlar til tiltak fylkeskommunen gjennomfører på mange ulike budsjett knytt til dei ulike tiltaka som vert drifta. Grovt sett er det budsjettet med 4.-6.mill. kr. Utan at lønskostnader er rekna med.

Til satsinga på førebygging etter TL-modellen i kommunane er det sett av i kr 480 000,- i 2012. Trafikktryggingsutvalet har eige budsjett på om lag kr 500 000,-. Utviklinga av både stoffet og kolleksjonen med integrert refleks i stoff og har kosta 2 mill.

14. Korleis vert Trygge lokalsamfunn-arbeidet profilert? På kommunens heimeside? På brevark? I egne nyheitsbrev?

15. Arbeidet er profilert på nettsider

[http://www.sjf.no/cmssff/cmspublish.nsf/\\$all/28D6A5E90381CCFDC1257234006C1CDD?open&qm=wcm_1,17,4,14](http://www.sjf.no/cmssff/cmspublish.nsf/$all/28D6A5E90381CCFDC1257234006C1CDD?open&qm=wcm_1,17,4,14)

[http://www.sjf.no/cmssff/cmspublish.nsf/\\$all/BF3750452334CAC2C12574650026A50D](http://www.sjf.no/cmssff/cmspublish.nsf/$all/BF3750452334CAC2C12574650026A50D)

Det vert også laga nyhendesaker og pressemelidingar på aktuelle saker og tiltak.

16. Legg ved foto, kopi av avisartiklar og anna materiell som kan nyttast for å illustrere arbeidet og rapporten:

<http://skafor.org/PageFiles/28084/Firda%2019-01-12.pdf>

17. Fyll ut skjemaet med opplysningar frå ditt fylke:

Kommune / bydel / fylke:	Sogn og Fjordane fylke
Personskader etter ulykker behandla i sjukehus:	16 per 1000, gjennomsnitt 2009-20011 (FHI)

Antall hoftebrudd, behandla i sjukehus:	2,1 per 1000, gjennomsnitt 2009-2011 (FHI) Tal operasjonar etter lårhalsbrot for personar på 67 år og over for Sogn og Fjordane (Helse Førde) <table border="1" data-bbox="486 309 986 376"> <tr> <th>2008</th> <th>2009</th> <th>2010</th> <th>2011</th> <th>2012</th> </tr> <tr> <td>173</td> <td>154</td> <td>202</td> <td>181</td> <td>186</td> </tr> </table>	2008	2009	2010	2011	2012	173	154	202	181	186																																																							
2008	2009	2010	2011	2012																																																														
173	154	202	181	186																																																														
Døde og skadde i brann:	<table border="1" data-bbox="486 450 1252 622"> <tr> <th></th> <th>2009</th> <th>2010</th> <th>2011</th> </tr> <tr> <td>Døde i brann</td> <td>1</td> <td>3</td> <td>1</td> </tr> <tr> <td>Skadde i Brann</td> <td>3</td> <td>8</td> <td>4</td> </tr> </table> <p data-bbox="486 663 1380 723">Kjelde: Dsb. Dsb opplyser at er «mørketall» og at tal skadde derfor kan vere høgare for Sogn og Fjordane</p> <p data-bbox="486 763 890 795">http://stat.dsb.no//Dialog/Saveshow.asp</p>		2009	2010	2011	Døde i brann	1	3	1	Skadde i Brann	3	8	4																																																					
	2009	2010	2011																																																															
Døde i brann	1	3	1																																																															
Skadde i Brann	3	8	4																																																															
Døde og skadde i drukningsulykke	<table border="1" data-bbox="486 795 1348 902"> <tr> <th></th> <th>2009</th> <th>2010</th> <th>2011</th> <th>2012</th> </tr> <tr> <td>Døde</td> <td>1</td> <td>3</td> <td></td> <td>3</td> </tr> <tr> <td>Skadde</td> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> </table> <p data-bbox="486 943 730 969">Kjelde: Norsk folkehjelp</p>		2009	2010	2011	2012	Døde	1	3		3	Skadde																																																						
	2009	2010	2011	2012																																																														
Døde	1	3		3																																																														
Skadde																																																																		
Døde og skadde i trafikkuulykker:	1630 i perioden 1999-2008 totalt for alle aldersgrupper Kjelde: SSB <table border="1" data-bbox="486 1111 1401 1249"> <tr> <th></th> <th>2010</th> <th>2011</th> </tr> <tr> <td>Drepne</td> <td>4</td> <td>7</td> </tr> <tr> <td>Personar skadde</td> <td>199</td> <td>192</td> </tr> <tr> <td>Tal ulykker med skadde</td> <td>145</td> <td>144</td> </tr> </table>		2010	2011	Drepne	4	7	Personar skadde	199	192	Tal ulykker med skadde	145	144																																																					
	2010	2011																																																																
Drepne	4	7																																																																
Personar skadde	199	192																																																																
Tal ulykker med skadde	145	144																																																																
Politi-rapporterte personskader – vold:	Tal liv/legeme/helbred-forbrytelsar, er sterkt avtagande, særleg i åra 2010 og 2011. Trenden gjennom heile 10-årsperioden er markert nedadgåande. Jølster og Luster er dei einaste tjenestadane med ein 10-årestrend som peiker oppover. Kjelde politiet i Sogn og Fjordane <table border="1" data-bbox="486 1458 1390 1664"> <thead> <tr> <th colspan="13">LEGEMSFORNÆRMELSER OG LEGEMSBESKADIGELSER – DRIFTSENHETER OG TJENESTESTEDER</th> </tr> <tr> <th></th> <th>2002</th> <th>2003</th> <th>2004</th> <th>2005</th> <th>2006</th> <th>2007</th> <th>2008</th> <th>2009</th> <th>2010</th> <th>2011</th> <th>2002-2011</th> <th>Årlig gjsn.</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>SOGN</td> <td>69</td> <td>57</td> <td>53</td> <td>60</td> <td>67</td> <td>65</td> <td>55</td> <td>62</td> <td>40</td> <td>43</td> <td>-26</td> <td>57</td> </tr> <tr> <td>SUNNFJORD</td> <td>167</td> <td>169</td> <td>171</td> <td>156</td> <td>165</td> <td>155</td> <td>164</td> <td>169</td> <td>118</td> <td>77</td> <td>-90</td> <td>151</td> </tr> <tr> <td>NORDFJORD</td> <td>74</td> <td>65</td> <td>51</td> <td>52</td> <td>52</td> <td>48</td> <td>46</td> <td>41</td> <td>43</td> <td>39</td> <td>-35</td> <td>51</td> </tr> </tbody> </table>	LEGEMSFORNÆRMELSER OG LEGEMSBESKADIGELSER – DRIFTSENHETER OG TJENESTESTEDER														2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2002-2011	Årlig gjsn.	SOGN	69	57	53	60	67	65	55	62	40	43	-26	57	SUNNFJORD	167	169	171	156	165	155	164	169	118	77	-90	151	NORDFJORD	74	65	51	52	52	48	46	41	43	39	-35	51
LEGEMSFORNÆRMELSER OG LEGEMSBESKADIGELSER – DRIFTSENHETER OG TJENESTESTEDER																																																																		
	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2002-2011	Årlig gjsn.																																																						
SOGN	69	57	53	60	67	65	55	62	40	43	-26	57																																																						
SUNNFJORD	167	169	171	156	165	155	164	169	118	77	-90	151																																																						
NORDFJORD	74	65	51	52	52	48	46	41	43	39	-35	51																																																						